




Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Tom N. Pedersen, 55 57 22 08

Vår dato
30.03.2011
Dykkar dato
16.02.2011

Vår referanse
2009/9884 542.1
Dykkar referanse

Fiskeri- og kystdepartementet
Postboks 8118 Dep
0032 Oslo



Fråsegn til forslag til særskilde tiltak for akvakulturrelatert verksemd i Hardangerfjorden

Vi viser til høyringsframlegget datert 16. februar om framlegg til særskilte tiltak for akvakulturrelatert verksemd i Hardangerfjorden.

Høyringsbrevet omhandlar to punkt:

- 1) Det geografiske og saklege verkeområdet for forskrifta, og
- 2) Reglar om tak på biomasse.

Fylkesmannen i Hordaland er sterkt uroa for framtida for villaks og sjøaure i Hardangerfjorden og ser at det er absolutt naudsynt med både strakstiltak og langsiktige tiltak. Hardangerfjordforskrifta kan vere eit av mange tiltak som kan bidra til å betre forholda for villaks og sjøaure i fjorden. Vi har to merknader til forskriftsframlegget.

Det geografisk verkeområdet

Fylkesmannen i Hordaland stettar framlegget til geografisk avgrensing av Hardangerfjorden. Når målet med forskrifta er å ta vare på villfisk i Hardangerfjorden, er det naudsynt å handsame heile området under eitt. Vi gjer framlegg om to små endringar til plassering av grensene:

- 1) *Laukhammarsund, avgrensa av ei linje mellom Huglaneset på Huglo og Storeneset på Tysnes.* Denne grensa kan vi ikkje sjå har noko å sei for avgrensinga og kan fjernast.
- 2) *Lukksund sør; avgrensa av linjer frå Ølfernes på Tysnesøy til vestsida av Sandsøy og frå austsida av Sandsøy til nes sør ved Gjerdsheim på Fusa.* Vi finn det meir naturleg at denne grensa blir flytta nord til Lukksund, t.d. ved å følgje trasé for Lukksundbrua.

Tak på biomasse

Bakgrunnen for Hardangerfjordforskrifta er konstateringa av at bestandane av villaks og sjøaure er truga av eit for høgt infeksjonspress frå lakselus og for stort innslag av rømt oppdrettslaks i dei lakseførande vassdraga. Dei store problema for villaksen og sjøauren kom tidleg på 90-talet då produksjonen av laks var om lag ein firedel av det han er i dag.

Vi har ikkje merknader til reglar om tak på biomasse, men vil peike på at eit slikt frysvedtak i seg sjølv ikkje vil vere ei redning for villaks og sjøaure. Det må gjerast ei stor innsats for å

betre situasjonen for villaks og sjøaure i Hardangerfjorden. Oppdrettsnæringa slit med omdømmeproblem, og næringa blir ofte framstilt som å ikkje vere berekraftig. Det er viktig at næringa er med i arbeidet for si eiga framtid. Fiskeridirektoratet har teke initiativ til eit prosjekt for strakstiltak for Hardangerfjorden, men oppdrettsnæringa næringa har stilt sitt engasjement i prosjektet på vent i påvente av rammevilkåra for produksjonsvolum blir avklart.

Vi kan ikkje sjå at framtida for villfisken i Hardanger blir redda av eit forvaltningsvedtak om maksimalt tillate biomasse av oppdrettsfisk i Hardangerfjorden. Skal villfisken i Hardangerfjorden ha ei framtid, er det ei klar føresetnad at produksjonsmengda vert justert til eit berekraftig nivå.

Med helsing

Kjell Kvingedal e.f.
seksjonssjef

Tom N. Pedersen
overingeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.